



Arkivnr: 2014/19497-5

Saksbehandlarar: Jan Nordø og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014

Søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. Høyringsfråsegn.**Samandrag**

Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon til å overføre Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune. Vatn 1062 og Vatn 1112 drenerer i dag til høvesvis Øyreselva og Austrepollselva. Statkraft Energi har planar om å overføre vatna til Svartedalsmagasinet. Vatnet kan dermed nyttast i Mauranger kraftverk. Dei to vatna har eit samla nedbørsfelt på 0,45 km², og vil auka produksjonen med om lag 3 GWh/år. Utbyggingskostnaden er samla berekna til om lag 8 mill. kr, som gjev ein utbyggingspris på 2,6 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap og friluftsliv. Mindre vassføring i bekkane frå Vatn 1062 og Vatn 1112 med høvesvis reduksjon i fossen ned mot Øyresdalen med 26 % og i Såfossen mot Austrepollen med 59 %, vil redusera landskapskvaliteten og opplevingsverdien knytt til området. Det er ikkje planlagt minstevassføring frå nokre av vatna. Ved å byggja dammar i løypenettet i eit mykje brukt turområde inn mot Sørfonna, vil ein gjera området mindre attraktivt og fjerna store INON-område i eit landskap som frå før er sterkt påverka av kraftutbygging.

Når det gjeld Vatn 1062, som ikkje ligg i INON-område, vil avbøtande tiltak redusera konfliktnivået. Her er heller ikkje dei fysiske inngrepa så store.

Når det gjeld Vatn 1112, som ligg i INON-område, er konfliktnivået høgare. Tiltaket ligg som Vatn 1062 i «sårbar høgfjell av stor verdi» og i eit «svært viktig» friluftsområde, men vil i tillegg gjennom redusert vassføring i Såfossen ha negative konsekvensar for friluftsliv i Hardingeskardet og «fjordlandskap av stor verdi». Ved at damhøgda blir 5 m og vasspegelen heva tilsvarende blir dessutan konsekvensane for landskapsoppleving og friluftsliv på Pyttafloene meir negative enn for Vatn 1062. M.a. må stien mot Sørfonna leggast om.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Det vil ikkje verta stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.

Klimaplan for Hordaland seier at energiproduksjonen må skje «med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar» og syner til Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Hordaland fylkeskommune meiner i så måte at utbygging av Vatn 1112 ikkje tek godt nok omsyn til friluftsområde og store landskapsverdiar i området og slik er i strid med fylkeskommunen sine energimål. Fylkesrådmannen rår difor frå konsesjon for tiltaket i Vatn 1112.

Med naudsynte avbøtande tiltak vil utbygging av Vatn 1062 i høve landskap og friluftsliv ha eit lågare konfliktnivå og etter fylkesrådmannen si vurdering vera i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om «å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi». Fylkesrådmannen rår difor til konsesjon for tiltaket i Vatn 1062.

Forslag til innstilling

Vatn 1112:

- | |
|---|
| 1. Av omsyn til sårbart høgfjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttfloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112. |
|---|

Vatn 1062:

- | |
|--|
| 2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062. |
| 3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren. |
| 4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området. |
| 5. Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene. |
| 6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien. |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.10.2014

1. Innleiing

Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon til å overføre Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune. Høyringsfrist er 1. november 2014.

Vatn 1062 og Vatn 1112 drenerer i dag til høvesvis Øyreselva og Austrepollselva. Statkraft Energi har planar om å overføre vatna til Svartedalsmagasinet. Vatnet kan dermed nyttast i Mauranger kraftverk. Dei to vatna har eit samla nedbørsfelt på 0,45 km², og vil auka produksjonen med om lag 3 GWh/år.

2. Søknaden

2.1. Områdeomtale



Figur 1 Geografisk plassering

Vatn 1063 og Vatn 1112 ligg på fjellplatået Pyttafloene i Kvinnherad kommune, mellom Maurangsfjorden i vest og Folgefonna i aust. Sørsida av fjellplatået grensar mot Hardingeskardet og nordsida mot Øvrebotn.

Svartedalen og Svartedalsmagasinet. Svartedalsmagasinet kommuniserer med Mysevatnet. Mysevatnet er inntaksmagasin for Mauranger kraftverk.


Næraste tettstad er Sunndal, sørvest for prosjektområdet. Tiltaket ligg like nord for RV 551.

Bekkar som vert påverka, er bekken ned frå Vatn 1062 som renn ned i Øyresdalen og møter elva frå Goddalsvatnet, og bekken frå Vatn 1112 som drenerer ned mot Austrepollen, der den møter Austrepollselva. Vassdraga er tidlegare regulerde.




Figur 2 Foto tatt mot nord frå helikopter 30.08.07. Feltgrenser er teikna inn.

2.2. Prosjektskildring



Figur 3 Kart som syner vassdraga og dei aktuelle felta som vert søkt overført (raudt/grønt felt), og ikkje regulerte felt som bidreg med vatn til fossane.



Figur 4 Folgefonn-verka


Statkraft Energi AS ønskjer å utnytta ein større del av det energipotensialet som finst nær allereie regulerde og overførte vassdrag som i dag vert nytta i Folgefonn-verka.

Planane inneber at Vatn 1062 og Vatn 1112, med eit samla nedbørfelt på 0,45 km², som drenerer naturleg til Øyreselva og Austrepollelva i dag, vert overførte til Svartedalsmagasinet. Vatnet kan dermed nyttast i Mauranger kraftverk.

Overføringa frå Vatn 1062 vert etablert gjennom eit 70 m langt borehull med utløp til bekken mellom heimsta Bukkaspelvatnet og Svartedalsvatnet. Vatn 1112 vert overført via kort grøft/kanal ned til Insta Bukkaspelvatnet og med dam i dagens utløp frå vatnet.

Med ei gjennomsnittleg fallhøgdi i Mauranger kraftverk på 850 m vil overføringa gje ein produksjonsgevinst på om lag 3 GWh/år. Utbyggingskostnaden er samla berekna til ca. 8 mill. kr, som gjev ein utbyggingspris på 2,6 kr/kWh.

Transporten til tiltaksområdet vil foregå på seinsommar og haust via eksisterande veg opp til Svartedalsvatnet og helikopter vidare inn til Pyttafloene.



Figur 5 Utbyggings- og arealdisponeringsplan

3. Verknad for natur og samfunn

3.1. Landskap

Sperredammen ved Vatn 1062 vil vera eit diskret og lågt inngrep nær ein tursti. Vatnet vert heva innanfor normalvasstanden, og vassføringa i bekken nedstraums blir sterkt redusert. Fossen i bekken frå Vatn 1062 har også i dag periodar der det er lite vatn. Borehol og tippmassar vil bli lite synlege. Konsekvensen vert vurdert som *lite negativ* for temaet landskap.



Figur 6 Vatn 1062. Utløpet er på venstre side av bildet.

Sperredammen for Vatn 1112 blir monaleg større enn for Vatn 1062, men er planlagt plassert i eit lite tilgjengeleg område. Dei visuelle verknadene vert vurderte som små, under føresetnad av god utføring av tiltaket. Nedstraums dammen vil vassføringa bli sterkt redusert, noko ho også er i periodar utan regn i dag. Dei visuelle verknadene av redusert vassføring i Såfossen vert vurdert som middels. Konsekvensen vert vurdert som *middels negativ* for temaet landskap.



Figur 7 Mogleg damstad for Vatn 1112 sett frå aust mot Folgefonna i vest.

Overføringa vil til saman medføra bortfall av ca. 4,6 km² inngrepsfri natur sone 2 (1-3 km frå inngrep). Bortfallet rører ikkje ved samanhengande inngrepsfridom frå fjord til fjell eller villmarksprega område, og utgjer 0,7 promille av Hordalands totale inngrepsfrie natur på om lag 6 400 km².

3.2. Biologisk mangfald og fisk

Omgjevnadene rundt vatna er hovudsakleg berg i dagen med spreidde lausmassar i forsenkingane. Berggrunnen består av harde gneisar med lite plantenæringsstoff. Vegetasjonen består av lavartar som veks på berg og fragment av fattig snøleivevegetasjon, der det er tilhøve for dette.

Når det gjeld bekken frå Vatn 1062 er denne ein av fire som dannar øvre del av Øyreselva. På grunn av lite lausmassar og magasinkapasitet i fjellet er det lite vatn i bekkane når det ikkje regnar. Dette er typiske flombekkar. Nedst i Øyreselva er det sårbare førekomstar av laks og sjøaure, men verdien av elva som fiskeelv vert vurdert til å vera liten. Det er ikkje registrert verdfulle naturtypar, vegetasjonstypar eller artar i influensområdet til dette tiltaket.

Utløpet frå Vatn 1112 følgjer eit søkk vestover og ut i Austrepollselva via Såfossen – om lag 800-700 moh.. Den naturlege vassføringa er ujamn og er sannsynlegvis ikkje stor nok til at det vert danna fossesprøytvegetasjon i eller ved fossen. På lausmasseavsetjinga nedstraums fossen er det vanleg, fattig fjellvegetasjon utan sjeldne artar av korkje karplantar, lav eller mosar. Det er heller ikkje registrert verdfulle natur- eller vegetasjonstypar her. Austrepollselva har ein svak bestand av sjøaure på ein om lag 1800 meters strekning, men verdien vert vurdert som liten.

Overføringane vil ikkje medføre negative konsekvensar for biologisk mangfald korkje oppe i fjellet eller nedover langs utløpsbekkane. Såfossen er den potensielt mest sårbare førekomsten, men den inneheld sannsynlegvis ikkje fossesprøytvegetasjon med verdfulle artar. Reduksjonen av vassføringa i dei nedre strekningane av Øyreselva og Austrepollselva er hv. 1,2 % og 3,9 % (årsbasis), og det vert vurdert til ikkje å ha konsekvens for anadrome fiskeartar.

Vatn 1062 og Vatn 1121 er fisketomme.

Konklusjonen er at overføringane ikkje medfører store negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet i influensområdet, heller ikkje fisk.

3.3. Kulturminne

I konsekvensvurderinga viser Sweco til at korkje inngrep ved vatn 1062 eller 1112 ser ut til å påverka registrerte kulturminne og konkluderer difor med at tiltaket får *ubetydeleg konsekvens* for temaet.

3.4. Samfunns- og brukarinteresser

Sperredammen ved Vatn 1062 vil bli synleg frå den T-merka stien og gje oppleving av inngrep i området. Andre inngrep vil vera lite synlege. Konsekvensane vert vurderte som *liten negativ*.

Inngrepet ved Vatn 1112 vil opplevast ved at vatnet får ein mykje større flate og at damkrona vil vera synleg i vest. Kanalen for avløpet kryssar turstien. Behovet for ei bru eller liknande må vurderast. Området som inngrepet vert planlagt i, er inngrepsfritt, og vil med utbygging mista statusen sin som det. Redusert vassføring i Såfossen vil gje redusert opplevingsverdi for dei som er på tur innover dalen. Konsekvensen vert vurdert som *middels negativ*.

I anleggsfasen vil dei største samfunnsmessige verknadene vera knytte til sysselsetjingseffekten. Erfaringar tilseier at størstedelen av investering i denne typen prosjekt vil gje oppdrag til lokale bedrifter, stipulert 3-4 mill. kr.. Dette svarer til 2-3 årsverk.

Kommunen vil få skatteinntekter i driftsperioden i form av naturressursskatt, konsesjonsavgift og eidegdomsskatt på til saman 0,1 mill. kr per år. I kva grad kommunen vert tildelt konsesjonskraft til ein låg pris, vert avgjort av OED. Tiltakshavar trur likevel at kommunen sin kvote allereie er fylt opp og at konsesjonskrafta då fell til fylket.

Med produksjon av rein, fornybar vasskraft, vil overføringane bidra til at Noreg når måla fastsett i Stortinget sitt klimaforlik i desember 2008. Ei utbygging vil gje samfunnsøkonomiske verknader utover det som kommunen og fylket tek imot av skatteinntekter. Med utgangspunkt i dagens kraftpris i den nordiske marknaden, vil overføringane skapa verdiar for 1,5-2 millionar kroner i året. I ein 20-årsperiode vil den totale verdiskapinga vera rundt 35 millionar kroner, og i ein 50 års periode nær 75 millionar kroner.



Figur 8 Tursti mellom Markjelke og Hundsøyra mot Sørfonna.

4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv².

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjonen:

Mål for energi: *Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seia ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.*

¹ Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

² Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008.

Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

4. *Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

Konsesjonsområdet høyrer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk inn under Mauranger-Varaldsøy delområde med følgjande omtale:

Mauranger –Varaldsøy delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Utbygging på delar av Varaldsøy og Maurangsnes kan føre til redusert omfang av inngrepsfri natur som går frå fjord til fjell i fylket. Området har fleire potensielt verdifulle bekkeløfter som må undersøkjast nærare ved nye utbyggingsplanar

6.1. Landskap

Fjellplatået Pyttafloene med Vatn 1062 og Vatn 1112 grensar opp mot Folgefonna nasjonalpark. Store delar av fjellområda rundt Maurangsfjorden er sårbart høgfellandskap. Mykje er allereie nytta til kraftutbygging i Maurangerkraftverka til Statkraft. Iflg. Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke er landskapstypen i tiltaksområdet storforma og alpine fjellmassiv av middels verdi der elva frå Vatn 1062 renn ut i landskapstypen elvegjel og elvejuv av vanleg førekomande karakter.

Fylkesdelplan for småkraftverk verdset tiltaksområdet som sårbart høgfell av stor verdi der elva frå 1112 renn ut i fjordlandskap av stor verdi. For slikt landskap har dei fylkespolitiske retningslinene følgjande føringar:

R4.1

I sårbart høgfell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftverk som fører til varige sår i naturen.

R3.2

I fjordlandskap av stor verdi skal ein vera restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal leggja vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Store delar av tiltaksområdet på Pyttafloene er iflg. småkraftplanen inngrepsfri natur (INON) av middels verdi. Overføringane vil til saman medføra bortfall av ca. 4,6 km² INON sone 2.

Terrenginngrep som fører til varige sår i høgjellet på Pyttafloene er først og fremst knytte til sperredammane, høgare vasstand og lågare vassføring i bekkane ut frå dei regulerte vatna. For Vatn 1062 vil inngrepa bli nokså diskrete så lenge det vert stilt vilkår om minstevassføring. Tiltakshavar har ikkje søkt om det. Når det gjeld Vatn 1112, er inngrepa meir konfliktfylte fordi sperredammen blir 5 m høg med damkrone på om lag 15 m.

Tiltaket i Vatn 1112 vil dessutan ha konsekvensar for fjordlandskap av stor verdi fordi Såfossen, som må reknast som eksponert ned mot Austrepollen, vil bli fråført 59 % av vassføringa. Det må derfor i samsvar med R3.2 i alle høve stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien. Heller ikkje her har tiltakshavar søkt om minstevassføring.

6.2. Biologisk mangfald og fisk

Overføringane vil sannsynlegvis ikkje medføra negative konsekvensar for verdfulle naturtypar, vegetasjonstypar eller artar korkje oppe i fjellet eller nedover langs utløpsbekkane. Såfossen frå Vatn 1112 er den potensielt mest sårbare førekomsten, men den inneheld sannsynlegvis ikkje fossesprøytvegetasjon med verdfulle artar. Dette må kartleggjast før eventuell konsesjon vert gjeven.

Utløpet frå Vatn 1112 renn ut i Austrepollaelva via Såfossen. Om Austrepollaelva seier Rådgivende Biologer (Rapport 1781 2013: «Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøaure i utvalgte vassdrag i Hardangerfjorden»):

Austrepollaelva karakteriseres som en svært kalkfattig og klar elv av små-middels størrelse (Vann-nett 04.03.2013). Samlet økologisk tilstand er satt til "dårlig" på grunn av regulering uten minstevannføring og fiskevandringshinder. Sjøaurebestanden i Austrepollaelva er vurdert å være "redusert" som følge av regulering, fysiske inngrep og lakselus, mens bestandstilstanden for laks vurderes som "kritisk eller tapt" (Lakseregisteret 05.03.2013).

Også nedst i Øyreselva, som bekken frå Vatn 1062 dannar ein del av, er det iflgj. tiltakshavar registrert sårbare førekomstar av laks og sjøaure.

Sidan årsmiddelvassføringa i Øyreselva og Austrepollaelva er berekna med ein reduksjon på høvesvis 1,2 % og 3,9 %, vil tiltaka ikkje koma i strid med retningsline R6.3 i småkraftplanen: «For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein *ikkje gje løyve* til vesentlege vasstandsreduksjonar:» Vasstandsreduksjonane i tiltaka er ikkje å rekna som «vesentlege».

Både Vatn 1062 og Vatn 1112 er iflgj. tiltakshavar fisketomme.

6.3. Kulturminne

Utbygginga rår ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane er eventuelt knytte til visuell påverknad på nærliggjande ferdsleveg sør for Pyttafloene som kjem opp Hardingaskaret og går vidare nordaustover over tangen mellom Bukkaspevatna.

Konsekvensvurdering gir ei rimeleg god skildring av konsekvensane planlagt tiltak vil ha for kulturminne. Det er lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Grunnen består for det aller meste av snaufjell.

6.4. Friluftsliv

Området ved Folgefonna er generelt mykje brukt til friluftsliv, og Pyttafloene er eit mykje brukt oppmarsjområde til Sørfonna. Ein av dei merka stiane i området passerer over Pyttafloene og forbi vatna som er planlagt overførte. Stien eignar seg både til fottur og skitur.

Turnemnda i Ænes og Mauranger Bygdalag merker kvart år opp turtraséar som er ukjende for folk flest. Ein av turane går til Sauaskarholo i Hardingeskardet. Turmålet ligg om lag 500 m frå Såfossen.

I lokal tradisjon og frå historiske kjelder er fleire ferdselsveggar i høgfjellet kjende. Frå Austrepollen og opp Hardingeskardet går det ein gamal ferdselsveg, som i alle høve vart brukt tilbake til 1600-1700-talet.

Såfossen fell ned i Hardingeskardet og vil med vassføring ha opplevingsverdi for dei som nyttar stiane i skardet.

I Område for friluftsliv er tiltaksområdet som del av eit større turområde (Folgefonna) i regional samanheng verdsett som *svært viktig*.

Fylkesdelplanen for små vasskraftverk gjev følgjande retningsliner for slike område (R7):

Ein bør visa varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Etter Hordaland fylkeskommune si vurdering vil fleire av tiltaka i utbyggingsprosjektet redusera opplevingskvalitetane knytte til friluftsliv. Det gjeld i sær regulering av Vatn 1112 med ein 5 m høg dam og 15 m lang damkrone og tilhøyrande større vassflate som fører til neddemming av den merka stien til Sørfonna. Eit avbøtande tiltak kan vera å byggja bru der dagens tursti kryssar den planlagte kanalen frå Vatn 1112. Vatn 1112 har avløp til Såfossen som fell ned i Hardingeskardet. Redusert vassføring i fossen med 59 % vil gje stor redusert opplevingsverdi på tur inn dalen.

Området rundt Vatn 1112 er inngrepsfritt og vil ved utbygging mista statusen som det.

Etter Hordaland fylkeskommune si vurdering vil utbygging av Vatn 1112 redusera opplevingskvalitetane knytte til landskapet så mykje at tiltaket ikkje bør få konsesjon. Avbøtande tiltak med bru vil etter fylkeskommunen sitt syn ikkje vera tilstrekkeleg til å tilrå søknaden, men må om tiltaket likevel får konsesjon, leggast inn som vilkår. Det må også minstevassføring.

Tiltaket i Vatn 1062 er mindre konfliktfylt, men avbøtande tiltak med forblending og utforming av sperredammen for turgåarar og plassering av tippmassane frå tunnel usynleg frå turstien, må vera vilkår. Det må også minstevassføring vera.

7. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Ei utbygging etter omsøkt plan vil totalt auka produksjonen av fornybar energi ved Mauranger kraftverk med om lag 3 GWh/år. Utbyggingsprisen per år er 2,6 kr/kWh. Spesifikke utbyggingsdata for Vatn 1062 og Vatn 1112 er presenterte i tabellen under.

		Vatn 1062	Vatn 1112
Planlagt minstevassføring	m ³ /s	0	0
Lengd påverka elvestrekning	km	Ca. 3,5	Ca. 2,5
Produksjon	GWh/år	1,3	2,1
Spesifikk utbyggingspris	Kr/kWh	3,2	2,2

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap og friluftsliv. Mindre vassføring i bekkane frå Vatn 1062 og Vatn 1112 med høvesvis reduksjon i fossen ned mot Øyresdalen med 26 % og i Såfossen mot Austrepollen med 59 %, vil redusera landskapskvaliteten og opplevingsverdien knytt til området. Det er ikkje planlagt minstevassføring frå nokre av vatna. Ved å byggja dammar i løypenettet i eit mykje brukt turområde inn mot Sørfonna, vil ein gjera området mindre attraktivt og fjerna store INON-område i eit landskap som frå før er sterkt påverka av kraftutbygging.

Når det gjeld Vatn 1062, som ikkje ligg i INON-område, vil avbøtande tiltak redusera konfliktnivået. Her er heller ikkje de fysiske inngrepa så store.

Når det gjeld Vatn 1112, som ligg i INON-område, er konfliktnivået høgare. Tiltaket ligg som Vatn 1062 i «sårbar høgfjell av stor verdi» og i eit «svært viktig» friluftsområde, men vil i tillegg gjennom redusert vassføring i Såfossen ha negative konsekvensar for friluftsliv i Hardingeskardet og «fjordlandskap av stor verdi». Ved at damhøgda blir 5 m og vasspegelen heva tilsvarende blir dessutan konsekvensane for landskapsoppleving og friluftsliv på Pyttafloene meir negative enn for Vatn 1062. M.a. må stien mot Sørfonna leggast om.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Det vil ikkje verta stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.

Klimaplan for Hordaland seier at energiproduksjonen må skje «med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar» og syner til Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Fylkesrådmannen meiner i så måte at utbygging av Vatn 1112 ikkje tek godt nok omsyn til friluftsområde og

store landskapsverdiar i området og slik er i strid med Hordaland fylkeskommune sine energimål. Fylkesrådmannen rår difor frå konsesjon for tiltaket i Vatn 1112.

Med naudsynte avbøtande tiltak vil utbygging av Vatn 1062 i høve landskap og friluftsliv ha eit lågare konfliktnivå og etter fylkesrådmannen si vurdering vera i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om «å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi». Fylkesrådmannen rår difor til konsesjon for tiltaket i Vatn 1062.